

Ark.nr. 516.22

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 16/82

Regulering av rekefisket ved Vest- og Aust-Grønland i 1982.

I medhald av §§ 1 og 4 i lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene og kgl. res. av 17. januar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket, og kgl. res. av 8. september 1972 har Fiskeridepartementet 9. februar 1982 fastsatt følgjande forskrifter:

§ 1

Det er forbode å fiske reker ved Vest-Grønland (NAFO-område 0 og 1) og i EF-sona ved Aust-Grønland (ICES-område XIV og Va).

Utan hinder av forbodet i første ledd kan norske fiskarar i 1982 fiske 850 tonn reker ved Vest-Grønland i NAFO-område 1 og 1.750 tonn reker i EF-sona ved Aust-Grønland i ICES-områda XIV og Va.

§ 2

Dei tillatne totalkvotane på respektive 850 tonn ved Vest-Grønland og 1.750 tonn ved Aust-Grønland skal fordelast på dei deltakande farty etter godkjent lastekapasitet inndelt i følgjande grupper:

- a) under 100 tonn
- b) 100 til 129,9 tonn
- c) 130 tonn til 159,9 tonn
- d) 160 tonn til 199,9 tonn
- e) 200 tonn og derover.

Fartøykvotane blir utrekna slik: 50% av totalkvotane blir delt med likt kvantum på kvart farty. Dei resterande 50% blir delt på fartya etter den gjennomsnittlege lastekapasiteten i gruppene.

Ingen farty skal tildelast ein samla fartykvote som er større enn fartyet sin godkjende lastekapasitet.

§ 3

Fiskeridirektøren avgjer under kva gruppe det ein-
skilde deltakande fartyet høyrer til, og fastset kvoten til det
einskilde fartyet ved Vest-Grønland og Aust-Grønland.

§ 4

Deltakande farty må melde frå til Fiskeridirektoratet
før avgang til feltet, og må sende kopi til Fiskeridirektoratet
av dei meldingane som dei etter vilkåra i EF-lisensen er på-
lagde å sende EF-kommisjonen.

§ 5

Fiskeridirektøren kan godkjenne at dei deltakande
fartya innbyrdes byter kvotar mellom Aust-Grønland og Vest-
Grønland. Byte av kvotar må finne stad seinast 1. mai 1982, og
forholdstalet mellom kvotane som blir bytte må ikkje vere
større enn 2 til 1. Vilkalet for at slikt byte av kvotar skal
vere gyldig er at alle farty som tar del i byttet fiskar ved
Aust- eller Vest-Grønland i 1982.

§ 6

Fartykvotane etter paragrafane 2, 3 og 5 ved Aust-
Grønland (ICES område XIV og Va) blir oppheva 10. mai 1982
kl. 00.00 GMT. Deltakande farty kan etter 10. mai 1982 kl. 00.00
GMT fiske fritt fram til den totale kvoten på 1.750 tonn er opp-
fiska.

Fartykvotane etter paragrafane 2, 3 og 5 ved Vest-
Grønland (NAFO-område 1) blir oppheva 15. juli 1982 kl. 00.00
GMT. Deltakande farty kan etter 15. juli 1982 kl. 00.00 GMT
fiske fritt fram til den totale kvoten på 350 tonn er oppfiska.

§ 7

Fiskeridirektøren kan fastsetje nærare forskrifter om
gjennomføring og utfylling av reglane i desse forskriftene,
under dette også forskrifter om dagleg rapporteringsplikt, prøve-
taking og tidspunkt for stopp i fisket når det blir utrekna at
kvotane er oppfiska.

§ 8

Forsetteleg eller aktlaust brot på reglane i desse
forskriftene eller på reglar gitt med heimel i desse forskrif-
tene blir straffa med bøter etter straffelova paragraf 339
nr. 2, dersom ikkje strengare straffereglar kan nyttast.

§ 9

Desse forskriftene trer i kraft straks. Samtidig blir
Fiskeridepartementets forskrifter av 30. desember 1981 om regu-
lering av rekefisket ved Grønland i 1982 oppheva.